



Råd for menneske med funksjonsnedsetting

2.11.2023





Lovpålagte organ for medverking i kommunar og fylkeskommunar

- Det følger av kommunelova § 5-12 at kommunestyret og fylkestinget skal velgje eit råd for personar med funksjonsnedsetting.
- Rådet utgjer saman med eldrerådet og ungdomsrådet dei lovpålagte organa for medverking i kommunar og fylkeskommunar.



Råd for menneske med funksjonsnedsetting



- Har ein lang historie i Kvam
- Det kommunale rådet er eit rådgjevande organ for kommunen
- Rådet har rett til å uttala seg i saker som gjeld personar med funksjonsnedsetting, og kan komma med forslag og anbefalingar i slike saker.
- Rådet kan også ta opp saker på eige initiativ.
- Kommunale råd kan være ein pådrivar for auka kunnskap om CRPD i kommunane.


Kva er CRPD?




- FN sin konvensjon om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (UN Convention on the Rights of Persons with Disabilities - CRPD)
- Konvensjonen sitt hovudmål er å sikra at personar med funksjonsnedsetting får oppfylt sine menneskerettar.
- Norske myndigheiter har vore forplikta til å følgja konvensjonen heilt sidan Norge ratifiserte den i 2013.
- [Sjå introduksjonsfilm om CRPD her.](#)

FN- konvensjonen og norsk politikk

FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) ligg til grunn for regjeringa sin politikk.



Alle menneske kan få ei funksjonsnedsetting, og funksjonsnedsettingar er ein naturleg del av den menneskelege variasjonen.



Politikken for personar med funksjonsnedsetting omfattar alle samfunnsområda, og vernet av rettane går difor på tvers av sektorane.



Forbod mot diskriminering



- Det er forbode etter norsk lov å diskriminera personar med funksjonsnedsetting.
- Likestillings- og diskrimineringslova beskriv forbodet mot direkte og indirekte forskjellsbehandling. Lova beskriv også når det er lov med forskjellsbehandling.

Kvifor medverknadsordning?

1. Personar med funksjonsnedsetting er ofte underrepresenterte i folkevalde organ, og deira stemme er ofte ikkje gjort synleg. Representasjonsordninga er difor viktig for å sikre god brukarmedverknad.
2. Ordninga er viktig for lokaldemokratiet.
3. Gjennom eit godt fungerande råd kan ein sikra seg at verdifull erfaringskompetanse på ein systematisk måte blir spela inn i tenesteutvikling - og planarbeidet til kommunen



Døme på saker

- Tilgjenge
- Arbeida for å hindra diskriminering på grunnlag av funksjonsnedsetting
- Gode tenester for menneske med funksjonsnedsetting
- Handsama årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplanar, sektorplanar, reguleringsplanar, samferdselssaker, kommunikasjonsplanar
- Bustadprogram
- kulturtiltak



Samansetning

- 1 representant med personleg vara blir valt blant dei faste representantane i heradsstyret
- 5 medlemer blir valt frå interesseorganisasjonane for menneske med funksjonsnedsetting i Kvam.
- 4 varamedlem blir valt frå interesseorganisasjonane for menneske med funksjonsnedsetting i Kvam.



Korleis vinna fram med sakene til rådet?

- Rådet må vera aktivt
- Rådet må vera synleg
- Fordel arbeidsoppgåver
- Bruk retten som rådet har til å møte i FSK og HST. Dersom de sjølve seier kva de meiner, er det lettare å få gjennomslag.



Kven representerer du?

- Medlemmene i rådet for personar med funksjonsnedsetting skal til saman representere og ivareta behova til alle innbyggjarane med funksjonsnedsetting i kommunen når dei gjev råd til kommunen.
- Det er viktig å skaffe deg kunnskap om situasjonen og behova til personar med ulike former for funksjonsnedsetting ettersom deira utfordringar kan vera særskjellige.



Innhenta kunnskap om lokalsamfunnet



Det er viktig at rådsmedlemmene skaffar seg kunnskap om situasjonen for innbyggjarar som har ei funksjonsnedsetting i kommunen eller fylkeskommunen, for eksempel:

- Er personar med funksjonsnedsetting fornøgde med dei helse- og sosialtenestene kommunen yter?
- Korleis er situasjonen for elevar med funksjonsnedsetting?


Du blir rekna som folkevald

- Som rådsmedlem blir du rekna som folkevald på lik linje med andre som sit i folkevalde organ.
- Etter kommunelova gjeld derfor dei same reglane for rådet som for andre folkevalde organ, og medlemmene av rådet har dei same rettane og pliktene.
- Godtgjersle per møte kr. 1500
- Rett til å få dekkta tapt arbeidsforteneste og reiseutgifter
- Opplæring i Visma Expense slik at du kan krevja godtgjersle og tapt arbeidsfortenese sjølv.



Kvam eldreråd





Samansetjing av rådet

- 1 medlem med personleg vara blir valt blant dei faste representantane i heradsstyret. Denne representanten har talerett i rådet, men ikkje røysterett.
- 5 medlemmer blir valt blant dei tilrådde representantane frå pensjonistlaga i Kvam.
- 4 varamedlem blir valt blant dei tilrådde representantane frå pensjonistlaga i Kvam.



Kva er eit eldreråd?

- KER er eit rådgjevande organ for dei kommunalpolitiske organa i Kvam herad
- skal handsama alle saker som gjeld levekåra for eldre og elles saker som er særst viktige for dei eldre i Kvam.



Døme på saker som eldrerådet skal handsama

- tenester for eldre
- årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplanar, sektorplanar, reguleringsplanar, bustadprogram, samferdselssaker, og kommunikasjonsplanar
- Skal også kunna ta opp saker på eige initiativ



Kvifor er det viktig med eldreråd?



- sikra ein brei, open og tilgjengeleg medverknad i saker som gjeld eldre.
- Eldre er ofte underrepresenterte i folkevalde organ. Det er difor viktig at synspunkt frå eldre blir teke i vare i kommunale og fylkeskommunale avgjersleprosessar.

Du blir rekna som folkevald



- Medlemne av eldrerådet vert rekna som folkevalde etter kommunelova, på lik linje med andre som sit i folkevalde organ.
- Medlemmene av rådet har dermed same rettar og plikter som andre folkevalde.
- Møtegodtgjersle kr. 1500 per møte
- Rett på å få dekkja tapt arbeidsforteneste og reiseutgifter

Kva er di rolle som rådsmedlem?

- Medlemmer av rådet bør så langt som det er mogeleg vera representative for kommunen sine eldre innbyggjarar.
- Rådsmedlemmer som er føreslått av eit pensjonistlag eller organisasjon, representerer alle eldre i kommunen når dei deltar i rådet, ikkje berre pensjonistlaget eller organisasjonen sine medlemer.



Sikra god kunnskap om eldre og deira levekår



- Eldrerådet har en viktig rolle i å bidra til at kommunen har god kunnskap om eldre og deira levekår.
- Rådet fungerer som talerøyr og brubyggar mellom den eldre befolkninga og kommunen sin administrative og politiske leiing.
- For å kunna utføra oppgåva som rådgivande organ på ein god måte, er det viktig at rådsmedlemmene har kunnskap om situasjonen til dei eldre i sin kommune.
- Medlemmene av rådet bør innhente kunnskap om livssituasjon, behov og interessene for eldre i kommunen. Det er difor viktig at rådet og den enkelte medlem har open kommunikasjon med innbyggjarane.

Å vera medlem krev innsats

- For å kunne ivareta dei eldre innbyggjarane i ulike saker, bør medlemmene av rådet ha brei oversikt og kunnskap om dei ulike saksområda som kan ha tyding for eldre sine interesser og situasjon.
- Medlemene av eldrerådet må setta seg inn i sakene som skal behandlast i rådet i forkant av møta. Å vera medlem i eldrerådet krev dermed innsats frå kvart enkelte medlem gjennom heile året, ikkje berre på møta i rådet.



Korleis vinna fram med sakene til rådet?

- Rådet må vera aktivt
- Rådet må vera synleg
- Fordel arbeidsoppgåver
- Bruk retten som rådet har til å møte i FSK og HST. Dersom de sjølve seier kva de meiner, er det lettare å få gjennomslag.

